

Strengt råd om bakkeplaneringa

09.11.2013

Fylkesmannen har no kome med fråsegn om den planlagte bakkeplaneringa som Trond L. Myklebust skal gjennomføra på Heio for å tilbakeføra det tidlegare sandtaket til landbruksføremål.

Det vert mellom anna påpeika at ei berre må nytta reine jord, grus og steinmassar til utfylling og det skal innehalda helse- og miljøfarlege stoff som ligg under normverdien

Utfyllinga omfattar ikkje utfylling av avfall som til dømes betong, takstein, teglstein og keramiske flisar.

Hvis ein nyttar sprengstein, må ein hindra direkte avrenning til vassdrag fordi slik stein vil ha avrenning av både skarpe partiklar og nitrogenforbindelsar som er skada for fisk og anna liv i vassdraget.

Arbeidet må utførast slik at ein hindrar erosjon og avrenning både av steinstøv, nitrogenforbindelsar og jordpartiklar som kan føre til nedslamming og skade på gytegroper og fisk. Om naudsynt må ein etablera sedimenteringsbasseng.

Det er også viktig at massane ikkje inneheld frø og planterestar frå frammande artar, Det fins døme på at flytting av jordmassar fører til at svartelista artar etablerar seg på nye område, skriv fylkesmannen.

Av Ola Matti Mathisen